



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for opplæring

Møtedato: 16.02.2017

Sak nr.: 17/253-3

Internt l.nr.: 7193/17

Sak: 2/17

Tittel: Stimuleringstilskot 2017

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Fylkesrådmannen får mynde til å disponere stimuleringstilskotet kr 4.822.000,- for 2017 til lærekandidatar og lærlingar med ungdomsrett i Sogn og Fjordane til følgjande tiltak:
 - a. Formidling av lærekandidatar og lærlingar med låge karakterar/stort fråvære, stillingsressurs
 - b. Inntil kr 30.000,- i tilskot til bedrifter som tek inn lærekandidatar under 18 år (lønsmidlar)
 - c. Sommarskule i naturfag
 - d. Inntil kr 50.000,- i ekstratilskot til lærebedrift for kvar søkar til læreplass som er vanskeleg å formidle på grunn av låge karakterar eller stort fråvære (utprøving i bedrifta, inntil 3 mnd.)
 - e. Oppfylggingstiltak for lærlingar og lærekandidatar der det undervegs i læretida vert avdekka behov for ekstra tilrettelegging
 - f. Yrkesfagleg nettverk
 - g. Nettverk for jenter i mannsdominerte lærefag og for gutar i kvinnedominerte lærefag
 - h. Tilskot til ekstraopplæring for lærlingar med feil fordjuping/omval frå andre utdanningsprogram
 - i. Kvalifisering av søkjarar med manglande karaktergrunnlag i fellesfag og/eller programfag
 - j. Oppdateringskurs for prøvenemnder
 - k. Vg3 i skule som alternativ til læreplass i eige fylke, eller kjøp av vg3 plassar i andre fylke
 - l. Tilskot til nye lærebedrifter på kr 30.000,- til bedrifter som teiknar lærekontrakt/opplæringskontrakt for fyrste gong. Midlane skal tildelast etter følgjande kriterium:
 - o Bedrifta må vere ny som lærebedrift (ikkje ha hatt lærlingar siste 7 åra)
 - o Bedrifta må teikne lærekontrakt/opplæringskontrakt med ein søkjar med ungdomsrett
 - o Bedrifta må forplikte seg til å sende instruktør/fagleg leiar på instruktørkurs
 - m. Styrking av instruktør opplæringa for nye lærebedrifter, tilskot på kr 5.000,-